



Bygg & Eiendom Vest AS
Idrettsvegen 3
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/2373 - 19/18207

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
13.12.2019

Byggesak Gbnr 45/469 Manger - Einebustad - Søknad om løyve til tiltak - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 328/2019

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Langhøyane 73**

Tiltakshavar : Helland Eiendom & Invest AS

Ansvarleg søker : Bygg & Eiendom Vest AS

Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om løyve for oppføring av einebustad på eigedom gnr. 45. bnr. 469 Manger, Langhøyane. Det er opplyst at einebustaden får eit bruksareal (BRA) på 200 m² og bebygd areal (BYA) 126.3 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 16.8 % BYA.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, samt opparbeiding av avkøyrslø, interne vegar og parkering.

Det vert elles vist til søknad motteke 13.12.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 13.12.2019 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Langhøyane PlanID. 12602017000300, er definert som område for bustader og frittliggjande småhus. Tiltaket er såleis i tråd med plan.

Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Plassering

Det er søkt om topp golv på kote ca. + 21.4 og mønehøgde på kote ca. + 28.6.

Det er søkt om planeringshøgde på ca. kote + 21.

Plassering er vist i situasjonsplan datert 09.10.2019. Avstand til nabogrense er opplyst å vere 4 meter.

Tiltaket er plassert innafor byggjegrænse i plan.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk og offentleg avlaup.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Avkøyrsløp til offentleg veg følgjer av godkjent reguleringsplan.

Situasjonsplanen viser oppstillingsplass/framtidig garasjeplassing for 2 bilar. Oppføring av garasje må det søkjast om i eiga sak.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser uteoppfallsareal, gangtilkomst, parkering/garasjeplassing og avkøyrsløp.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17), jf. pbl. § 29-5.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Ansvarsrettar og tiltaksklasse i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan versjonsnummer 1, datert 29.11.2019.

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklassar og ansvarsrettar til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for oppføring av ein bustad på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd føresegner gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling datert 09.12.2019 og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
5. Tiltaket skal knytast til kommunalt avløpsanlegg i samsvar med løyve til påkopling datert 09.12.2019 og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
6. Tiltaket får tilkomst til offentlig veg via privat veg. Veg og avkøyrse skal opparbeidast definert og trafikksikker, og i samsvar med godkjent situasjonsplan datert 09.10.2019.
7. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen. Innmålingsdata må sendast inn i KOF- filformat eller SOSI- fil (versjon 4 eller nyare).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 30.03.17 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.1	Basisgebyr bustad/fritidsbustad	kr	<u>13 100</u>
		Totalsum	kr 13 100

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: : **328/2019**

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Bygg & Eiendom Vest AS	Idrettsvegen 3	5936	MANGER
Helland Eiendom & Invest AS	Idrettsvegen 3	5936	MANGER



KOPI

Bygg & Eiendom Vest AS
Idrettsvegen 3
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/2373 - 19/17892

Saksbehandlar:
Margarett Halland
margarett.halland@radoy.kommune.no

Dato:
09.12.2019

Tilknytings sak Gbnr 45/469 Manger - Einebustad med garasje - Søknad om tilknytning til offentleg leidningsnett - Løyve

Me viser til dykkar søknad vedr. tilknytning til offentleg leidningsnett. Vedlagt fylgjer signert skjema som gjev løyve til tilknytning til kommunal vass og avlaupsleidning. Det er rørlaggjar sitt ansvar å melda frå til kommunen når tilknytninga er utført. Dette skal gjerast ved å signera nederst på tilknytningsskjema side 1, og senda til kommunen. Alt arbeid skal utførast etter Radøy kommune sin kommunaltekniske VA norm for denne type arbeid. Tilknytning skal skje i kum. Når/viss ein skal kopla seg til private leidningar eller leggja leidning over private eigedomar, må de sjølv henta inn nødvendige løyver frå den/dei det gjeld. Vårt råd er at alle privatrettslege avtalar bør tinglysast. Gjer merksam på at drift og vedlikehald av private leidningar er de ansvarleg for sjølv.

Med helsing

Margarett Halland
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

45-469 - Søknad tilkn. V+A

Kopi til:

Bygg & Eiendom Vest AS	Idrettsvegen 3	5936	MANGER
Liv Marit Klausen	Selfallet 60 B	5936	MANGER

Mottakarar:

Hole Vvs AS	Hella 98	5936	MANGER
-------------	----------	------	--------